

**Fra:** Knut Inge Andersen (knia@equinor.com)

**Sendt:** 25.05.2020 10:44:58

**Til:** Politisk

**Kopi:** Jon Askeland; Rune Haugsdal; Haugland, Nils; Morten Klementsens (morten@klementsens.net)

**Emne:** Spørsmål til møte i Finansutvalet 28.5.2020 : Bruken og omfanget av fylkeskommunal garantistilling (kausjon)

**Vedlegg:**

Vestland fylkeskommune har sett ei øverste gjeldsgrad på 115% for det vidare arbeidet med budsjett- og økonomiplan 2021-24.

Det er opplyst frå fylkesrådmannen at fylkeskommunale lånegarantiar (kausjonar) ikkje er medrekna i den gjelda som måleparameteren gjeldsgrad byggjer på.

Sjølv om ein må leggje til grunn at dei fleste lån vert nedbetalt etter plan, er det likevel ingen tvil om at det er knytt risiko til all garantistilling.

Det er her særleg relevant å peike på at høvet til å forlenge betalingsperioden og/eller foreta takstauke på nye bompengeprojekt er fjerna.

Koronakrisa har synt at økonomiutviklinga i næringslivet er mindre føreseieleg enn venta. Det same gjeld trafikk- og passasjertal på kollektivsida, der ein har erfart store reduksjonar dei siste månadene. Ein del av desse endringane kan syne seg å bli permanente, noko som utan tvil inneber auka risiko for enkelte av låna ein garanterer for.

Spørsmål til fylkesordføraren :

1. Kan fylkesordføraren leggje fram for Finansutvalet det fullstendige oversynet over låneengasjement der Vestland fylkeskommune står som garantistillar, inkludert kommande prosjekt der garantistilling er planlagt ( til dømes Vestnorsk Teater)?
2. Meiner fylkesordføraren det vil vera naturleg å løpande risikorevaluere slike engasjement samt setje eit øvre måltal på kor høg samla garantistilling Vestland fylkeskommune bør tillate?

Helsing

Knut Inge Andersen  
Medlem fylkesutvalet  
Folkeaksjonen Nei til meir bompengar

90584170

---

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.

Thank you